



# DEN NORSKE KYRKJA

## Agder og Telemark bispedømmeråd

Det kongelige fornyings- administrasjons- og kirkedepartement  
Postboks 8004 Dep  
0030 OSLO

Dato: 16.09.2010

Vår ref: 10/14-22 ARN

Dykkar ref:

### Høring - endring i gravferdslov og kirkelov

Agder og Telemark biskop og Agder og Telemark bispedømmeråd takkar for høvet til å utale seg i forhold til forslag frå departementet til endringar i gravferdslov og kyrkjelov. Før rådet gjorde sitt vedtak var saken drøfta med prostane i bispedømmet.

Vi oversender høyringssvaret  
Rådet gjorde i sitt møte 10.09.2010 følgjande vedtak.

### 051/10: Høyring - endringar i gravferdslov og kyrkjelov

**ATBR-051/10 10.09.2010 Agder og Telemark bispedømmeråd vedtak:**  
*Bispedømmerådet sluttar seg til forslag til høyringssvar (Vedlegg 26449) med dei synspunkta som kom fram i møtet.*

*(samrøystes)*

### Svar: Høyring - endringar i gravferdslov og kirkelov

Agder og Telemark bispedømmeråd takkar Det kongelige fornyings-, administrasjons- og kirkedepartement for invitasjon til å kome med uttale i høve forslag om endringar i gravferdslov og kyrkjelov.

Forslaget til endringar er eit resultat av St.meld nr.17 (2007-2008) Staten og Den norske kyrkje som medfører ein gjennomgang av gravferdslova med sikte på å leggje betre til rette for religiøse og livssynsmessige minoritetar sine behov ved gravferd.

Departementet tek òg med enkelte andre forslag til endringar i gravferdslova og kyrkjelova.

Agder og Telemark bispedømmeråd har vald å kommentere endringane i den rekkefølgje dei har i høyringsnotatet. Overskrift i svaret viser til høyringsnotatet.

#### 4.1 Kunnskap, kjennskap og samhandling.

Agder og Telemark bispedømmeråd stør tanken om lokale møter minst ein gong i året mellom dei trus- og livssynssamfunn som er aktive i kommunen og stør nytt tredje ledd til § 23 Forvaltningsansvar.

#### **4.2 Hovudavgjerd om omsynet til avdøde sin religion eller livssyn.**

Målet må framleis vere at kyrkjegarden er felles for alle, noko endringane i overskrift og nytt fyrste ledd til § 1 **Kor gravlegging skal skje** opnar for.

#### **4.3 Særskilt tilrettelagte graver.**

Bispedømmerådet støttar tanken om at ingen skal ha ekstraavgifter fordi kommunen ikkje har særskilt tilrettelagde graver. Av den grunn støttar vi endring av § 6  **Rett til grav**, andre ledd nytt tredje punkt.

For at bebuarane i kommunen skal vite kor dei har rett til grav, og for å ha ei føreseieleg planlegging av budsjett, er det viktig at kommunar / dei som har forvaltningsansvar for gravlegging har gjort avtalar med andre kommunar. Vi tenkjer oss at ny forskrift til lova vil presisere kva som ligg i rettar og ansvar.

#### **4.4 Kyrkjegard – omgrep og plassering.**

Framleis blir dei aller, aller fleste gravlagde i Den norske kyrka. Omgrepet kirkegård / kyrkjegard er òg ofte del av eit geografisk namn som har fest seg over lang tid. På same måte er kirkegård / kyrkjegard ein del av det norske språket. For mange, og i alle desse tilfella, vil det vere unaturleg å endre kyrkjegard til gravlund.

Agder og Telemark bispedømmeråd tykkjer difor det er unaturleg å endre namn på etablerte kyrkjegardar. Det same gjeld òg når nye kyrkjegardar blir etablerte i nærleiken av ei kyrkje. Vi meiner derimot at nyetablerte kyrkjegardar, plassert utan tilknytning til ei kyrkje godt kan kallast for gravlund eller gravplass.

Når det gjeld administrasjonen av gravferd går vi for å bruke omgrepet gravferd.

Vårt forslag til endring av **Tittel** blir difor **Lov om kyrkjegardar, gravlundar, kremasjon og gravferd. (gravferdslova)**

Når det gjeld forslaget til endringar av omgrepet kyrkjegard til gravlund i paragrafane nemnd på slutten i pt.4.4, foreslår vi at kyrkjegard ikkje sløyfast, men at gravlund blir sett inn saman med kyrkjegard som vist: kyrkjegard / gravlund.

#### **4.5 Frå vigsling av kyrkjegard til seremoni på gravlund.**

Det er ein menneskerett i eit fleirkulturelt samfunn at det finst gravplassar som ikkje er vigsla av Den norske kyrkja. Ved nyanlegg bør alle kyrkjegardar/ gravlundar ha område som ikkje er vigsla av Den norske kyrkja. Der det er naturleg bør andre trus- og livssynssamfunn få eigne gravfelt, gjerne markert med ein religiøs seremoni i likskap med vigsling.

Bispedømmerådet sluttar seg til den endringa som ligg føre til § 5 **Vigsling av kyrkegard/ gravlund**. Samstundes vil vi peike på at formuleringa kan tolkast som om at eit gravfelt kan vere "vigsla" av fleire. Likeeins er det duka for spørsmål knytt til tolking av kva som "*forhåner eller på en krenkende eller sårende måte viser ringeakt for de andre tros- eller livssynssamfunnene.*" Kven skal til dømes avgjere kva som er krenkjande og sårande?

#### **4.6 Fristar ved gravferd og kremasjon**

Vi har ingen kommentarar til forslag om endringar til § 10 **Kremasjon**, § 12 **Frist for gravlegging** og § 13 **Unntak frå reglene om frist for kremasjon og gravlegging**

#### **4.7 Oskespreiing**

Bispedømmerådet støttar departementet i at det ikkje trengs endring i gravferdslova knytt til oskespreiing.

#### **4.8.1 Lovregulering av kyrkjeleg medverking ved oskespreiing.**

Det er naturleg at avgjerd om kyrkjeleg deltaking ved oskespreiing regulerast av

kyrkja sine kommentarar til liturgien for gravferd. Vi støttar difor at **§ 20 Privat gravsted og spredning av akse**, siste ledd siste punktum, vert stroke. Når det gjeld **§ 9 Kven som sørgjer for gravferda**, siste ledd, er det her naturleg at dette blir tatt bort, og at det einskilde trussamfunn lagar sine ordningar.

#### **4.8.2 Reglar for handsaming av saker knytt til krematorium og kyrkjegard / gravlund.**

Bispedømmerådet støttar forslag til endringar **§ 4 Anlegg m.v. av kyrkjegard/ gravlund og krematorium**, der første ledd og at tredje ledd vert stroke.

### **5. Andre spørsmål til gravferdslova.**

#### **5.1 Rett til grav for barn som er dødfødde med meir**

Vi støttar forslaget til endring av **§ 6 Rett til grav**, fyrste ledd og i høve til **§ 9 Kven sørgjer for gravferda**

#### **5.2 Kremasjon som form for gravferd.**

Vi har ingen kommentarar til forslag om at fyrste og andre ledd i **§ 10 Kremasjon** blir slått saman.

#### **5.3 Endring av rutinar ved melding.**

Ingen kommentar til forslag om å stryke krav om legeattest og kopi, nemnd i **§ 10 Kremasjon**, fjerde ledd og **§ 11 Begjæring om gravlegging**

#### **5.4 Krigsgravar**

Ingen kommentar til forslag om ny **§ 23a Krigsgravar**

## **6. ENDRINGAR I KYRKJELOVA**

### **6.1 Tilpassing til ny organisering av prestenesta.**

Agder og Telemark bispedømmeråd støtter forslaget om å fjerne omgrepet prestegjeld frå kyrkjelova og erstatta med prosti i **§ 2 Kirkelig inndeling**, **§ 5 Soknets organer**, **§ 6 Menighetrådets sammensetning**, **§ 9 Menighetsrådets oppgaver** og **§ 11 Menighetsmøtets oppgaver**.

### **6.2 Harmonisering med barnelova.**

Ingen kommentar til forslag om endring av **§ 3 Tilhørighet og medlemskap**

### **6.3 Justeringar i følge endringar i gravferdsloven**

Når det gjeld omgrepet kyrkje, sjå over pt 4.4, går vi òg her for **kyrkjegard / gravlund**. Når det gjeld endringar i høve til **§ 11 Menighetsmøtet**, har vi ingen kommentar.

### **6.4 Tilsetting i Kirkerådet sitt sekretariat.**

Vi støtter forslag til endring av **§ 25 Kirkerådet**, tredje ledd nytt tredje punktum

### **6.5 Politiattest**

Agder og Telemark bispedømme støttar at det blir lovbestemt heimel for å krevje utstedt politiattest innanfor Den norske kyrkja.

I Justisdepartementet si høyring om *"Politiattest for personer som skal ha oppgaver knyttet til mindreårige"* i 2008, heiter det frå Agder og Telemark bispedømmeråd blant anna: *"Vi vet at denne høringen ikke gjelder hvem det skal kreves politiattest av, og at det er en sak for det enkelte fagdepartement. Vi vil også i denne sammenheng nevne, at vi ser ingen grunn til at studenter som har prestetjeneste i vår kyrkje, eller i andre*

*kirke- og trossamfunn, ikke må framlegge politiattest. Likeledes ser vi behov for en gjennomgang av krav om politiattest for frivillige ledere og hjelpere.”*

Vi støttar difor forslag til endring av overskrift og nytt andre ledd i **§ 29 Krav om medlemskap m.v.** Dette er ei støtte til alle barn og unge og til kyrkja som ønskjer medarbeidarar til beste for alle. Det vil heile tida vere ei utfordring i høve til frivillige, men dette forslaget er eit langt steg i rett retning.

#### **6.6 Krav om medlemskap i Dnk for lærarar ved teologisk fakultet.**

Ingen kommentar til forslag til endring av fyrste ledd i **§ 29 Krav om medlemskap m.v**

#### **6.7 Kirkebokføring**

Det som blir foreslått som nytt andre ledd til **§ 37 Kirkebokføring**, er ei etterlengta endring.

#### **6.8 Klagetilgang for vedtak etter offentleglova.**

Ingen kommentarar til forslag for andre ledd, nytt andre og tredje punktum i **§ 38 Saksbehandlingsregler**

#### **6.9 Særskilte reglar om å vere ugild.**

Agder og Telemark bispedømmeråd stør forslag til endringar i **§ 38 Saksbehandlingsreglar**

#### **7 Økonomiske og administrative konsekvensar**

Agder og Telemark bispedømmeråd er opptatt av at fellesrådet får økonomiske rammer i høve til ansvar og plikter. Det gjeld stillingar og til dømes krav om livsnøytrale rom, møtepunkt mellom dei aktuelle trus- og livssynssamfunn (Sjå 4.1) og utgifter til særskilt tilrettelagte graver (Sjå 4.5).

Med helsing



Arve Nilsen  
kyrkjefagsjef

Direkte innval: 38 10 51 38